



ASTRHEIM KOMMUNE

Notat

Til: Bodil Boie Brekkan, Jan Olav Osen, Olav Mongstad, Torleiv Frotjold

Kopi til: Elbjørg Bakke, Olav Birger Andersen

Saksbehandler: Kultur/Kari Torkildsen Utkilen

Vår referanse: 15/192 - 16/726 / FE - 058

Dato: 28.01.2016

Emne: Bibliotektilbod i Austrheim kommune

Austrheim folkebibliotek har fått informasjon om at skulebiblioteket på Årås skule vert avvikla til sommaren 2016. Vi ser at dette vil få konsekvenser for det totale bibliotektilbodet i Austrheim kommune.

Det har sidan år 2006 vore tanker og planar om å samle alle bibliotektenester i kommunen under folkebiblioteket. Det er små stillingsressursar på skulebiblioteka, og deltidstillingar på folkebiblioteket. I «*Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka 2006-2013*» som var oppe som sak i kommunestyret, vert dette drøfta i punkt 1.3 «*Organiserig av alle biblioteka i kommunen til ei organisatorisk eining*»

I K-sak 044/06 går det fram at den beste organisatoriske løysinga for folke- og skulebiblioteket ved Kaland skule, var å legga ramma til skulebibliotek til folkebiblioteket.

Det vart overført kr 50.000 frå rammeområde 211 (Kaland skule) til 251 (Bibliotek), og oppretta eige teneste 3701.

Ved denne overføringa av midlar fekk folkebiblioteket 8% stilling retta mot skulebibliotekarbeid på Kaland skule. All organisering, innkjøp, utlån og alt som har med katalog og formidling retta mot skulen har folkebiblioteket ansvar for.

I vurderinga til saka (for rådmannen v/Kjell Mongstad) står det: «*Den organisatoriske løysing som ein no legg opp til, er heilt i tråd med korleis det regionale biblioteknivået tenkjer om det framtidige samarbeidet mellom skule- og folkebiblioteka i Nordhordland. Etter ei prøvetid etter denne nye ordninga og dersom dette verkar positivt på kommunen si samla bibliotekteneste, meiner rådmannen at ein bør vurdera å gjera tilsvarande endring knytt til Årås skule*»

Ut i frå gode tilbakemeldingar og erfaringar med drift av kombinasjonsbiblioteket på Kaland skule, tok eg kontakt med rektor ved Årås skule (Jo) for å snakke om framtidig drift av Årås skulebibliotek. Vi vart einige om at når det var endring i personalsituasjonen på folkebiblioteket så skulle vi ta opp

saka om å legga skulebiblioteket på Årås inn under folkebiblioteket. Dette tok biblioteksjefen opp på nytt då vi tilsette ny bibliotekar som tek vidareutdanning og har arbeidsoppgåver retta mot barn og unge. Rektor på Årås skule (Bodil) ga beskjed om at Årås skule ville fortsette med eige skulebibliotek, og ikkje samordne med folkebiblioteket.

Frå august 2014 har folkebiblioteket avtale med Austrheim vidaregåande skule om drift av skulebiblioteket på AVS, og folkebiblioteket (ansvar 251) får refundert frå fylkeskommunen for 35% stilling (ca kr 170.000). Avtalen er 3-årig og skal eventuelt fornyast i 2017.

Skulebibliotek og folkebibliotek ligg under ulike departement, og vi har ulike lovverk.

I opplæringslova slår man fast at grunnskulen og den vidaregåande skulen skal ha eit skulebibliotektilbod, med mindre det er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek, det skal vere ope i skuletida, og det skal vere vere særskilt tilrettelagt for skulen.

Kapittel 21. Tilgang til skulebibliotek

(Opplæringslova § 9-2 andre ledd)

§ 21-1. *Tilgang til skolebibliotek*

Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.

Austrheim folkebibliotek har avtale med Kaland skule, men vi har ingen avtale med Årås skule som kan erstatte eit skulebibliotek.

Vi har ope på hovudbiblioteket for publikum to dager i skuletida: tysdag og fredag kl 10.00 – 15.00. Det er sjølv sagt fritt for elevar å låne bøker i opningstida, men vi har ingen ressurs til formidling eller anna. At eit folkebibliotek ligg i gangavstand til skulen, er ikkje nok i følgje loven kap. 21 Tilgang til skulebibliotek.

I forskrift til bibliotekstatistikk skal kommunen sende statisikk for folke- og skulebiblioteka til fylkeskommunen. Ved avvikling av skulebiblioteket på Årås vert det ikkje bibliotekstatistikk for Årås skule. Fonnes filial og skulebiblioteket på Kaland vert å rekne for eit kombinasjonsbibliotek og vi sender felles statisikrapport.

«Nasjonalbiblioteket samler inn statistikk for landets skolebibliotek med hjemmel i forskrift om bibliotekstatistikk. Statistikken brukes blant annet som grunnlag for beregning avbibliotekvederlag i henhold til lov om bibliotekvederlag »

I Lov om folkebibliotek (biblioteklova) stod det tidlegare i §6 at det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.

Denne paragrafen er vekke i den nye lova. Folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Dette er eit nytt punkt i lova og er eit satsingsområde til Nasjonalbiblioteket, og det vert lyst ut utviklingsmidlar.

Austrheim folkebibliotek har ikkje ressursar til å gi Årås skule den skulebibliotektenesta som ligg i opplæringslova.

Biblioteka i Nordhordland har felles bibliotekkatalog (program Mikromarc), og i prosjekt «Gi rom for lesing», for ein del år tilbake, fekk vi lagt inn alle bøkene til skulebiblioteka i søkbar datakatalog. Alle bøkene til Årås skule er lagt inn, og bestanden pr 31.12 2015 er 4904, derav 1550 fagbøker og 3354 skjønlitteratur. Sjå statiskk for Årås skulebibliotek vedlagt. Årås skule betaler årleg lisensavgift for Mikromarc biblioteksystem (ca kr 1500,-)

- Austrheim folkebibliotek ønskjer svar på korleis Årås skule har tenkt å følgje opp opplæringsloven om tilgang til skulebibliotek.
- Austrheim folkebibliotek ved biblioteksjefen har ansvar for statistikkrapportering til Nasjonalbiblioteket (via fylkesbiblioteket), og vi vil ha svar på korleis Årås skulen tenker at denne rapporteringen skal skje når skulebiblioteket vert avvikla.
- Austrheim folkebibliotek må ha svar på korleis Årås skule vil avvikle alle bøkene som er registrerte i datakatalogen Mikromarc.
- Austrheim folkebibliotek ønskjer svar på kva Årås skule har tenkt å gjere med alle bøkene.

28. januar 2016

Kari Torkildsen Utkilen
kulturleiar/biblioteksjef
Austrheim kommune

Vedlegg:

Utdrag frå Opplæringslova

Statisikk

Jan Olav Osen

Fra: Kari Torkildsen Utkilen
Sendt: 9. mai 2016 09:48
Til: Jan Olav Osen
Kopi: Torleiv Frotjold
Emne: SV: Vedrørande sak om endring av retningsliner
Vedlegg: sak om overføring av skulebiblioteket på Kaland til folkebiblioteket.pdf; Bibliotektilbod i Austrheim kommune (L)(47783).pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei!

Legg ved kopi av sak i 2006 der Kjell Mongstad var sakshandsamar.

Legg også ved eit notat «Bibliotektilbod i Austrheim kommune» som eg sende då eg fekk informasjon om at Skulebiblioteket på Årås skule skulle leggje ned.

Skal Austrheim folkebibliotek overta skulebiblioteket for Årås skule må vi ha ein avtale som kan erstatte eit skulebibliotek (sjå opplæringslova §21-1 Tilgang til skulebibliotek).

Eg antydar at vi minst må ha ein 10% stilling og budsjett til å kjøpe inn bøker til skulebiblioteket (ca kr 10.000). Dette er ein fornuftig og rimeleg løysing for kommunen.

Kor pengane kjem i frå er ikkje folkebiblioteket sin sak.

I økonomiplanen har folkebiblioteket ansvar 251
Teneste 3700 Bibliotek
Teneste 3701 Skulebibliotek

Ved å tilføre midlar på teneste 3701, er det ikkje behov for å opprette eige teneste for Årås skulebibliotek, slik eg ser det.

I tillegg sel vi 35% stilling til fylkeskommunen, ved Austrheim vidaregåande skule.

Ta kontakt om noko er uklart.

Mvh
Kari